

Bachelorprogram i arabisk

Godkjent ved IF 05.09.12. Gjeld fom h13

Programnamn, norsk	Bachelorprogram i arabisk
Programnamn, engelsk	Bachelor's programme in Arabic
Undervisningsspråk	Undervisningsspråket på arabiskemna er normalt norsk eller engelsk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiepoeng	180
Mål og innhald	<p>Arabisk er det offisielle språket og/eller morsmålet til majoriteten av befolkninga i 23 land. Språket blir talt av meir enn 200 millionar menneske i Midtausten og Nord-Afrika. I tillegg har om lag like mange menneske arabisk som andrespråk, og dessutan er arabisk det liturgiske språket til meir enn ein milliard muslimar. I mellomalderen var arabisk berar av ein av dei rikaste vitskaplege og litterære kulturane i verda og er framleis eit særskilt viktig språk både i religiøs og kulturell samanheng, òg når det gjeld politikk og økonomi. Arabisk er dessutan eitt av de seks offisielle språka i FN, og i Noreg utgjer arabisktalande ein av dei største språklege minoritetane.</p> <p>Arabisk høyrer til den semittiske språkfamilien, til liks med til dømes hebraisk og amharisk, nasjonalspråket i Etiopia. Moderne standardarabisk, som ein vektlegg i undervisninga, er ikkje morsmålet til nokon, men eit skriftspråk som arabarane må læra i tillegg til sine lokale dialektar. Standard skriftleg arabisk er felles for alle utdanna arabarar, utan omsyn til nasjonalitet og vert ofte brukt som talemål i formelle situasjonar. Språket har endra seg lite i løpet av dei 1400 åra som har gått sidan profeten Muhammad levde. Språket i Koranen og det moderne avisspråket er i hovudtrekk det same. Dei dialektane som blir talte, har derimot store ulikskapar.</p> <p>På 100-nivået er målet hovudsakleg å utvikla dugleiken i det moderne skriftspråket, men samstundes tek ein på dette nivået sikte på å gi ein passiv grunnkompetanse i ein arabisk dialekt. Det vil seie at studentane skal skaffa seg hovudlinene i moderne arabisk grammatikk og uttale, oppnå ein viss lese- og skrivedugleik, akseptabelt ordforråd og kunna føra ein enkel samtale på språket, anten standardarabisk eller dialekt. Me ventar at studentane òg gjer seg kjende med den vitskaplege terminologien og omgrepsapparatet i faget.</p> <p>På 200-nivået er målsetjinga å utvida studentane sin kjennskap til morfologi, syntaks og ordforråd slik at dei kan lesa tekstar som er skrivne på klassisk og moderne standardarabisk, og gi ein grammatikalsk analyse av dei. Dette grunnlaget, kombinert med ein del sjølvstudium og eit opphald i eit arabisktalande land, skal kunna gi studentane eit brukande godt språkkunnskapsnivå i arabisk, slik at dei kan bruka språket sjølvstendig til ulike formål og i ulike høve.</p> <p>I tråd med denne målsetjinga, tilrår ein sterkt eit studieopphald i eit</p>

	arabisktalande land.
Læringsutbytte	<p>Etter fullført bachelornivå i arabisk skal studentane</p> <ul style="list-style-type: none"> • ha brukande god dugleik i lesing og skriftleg omsetjing • ha enkel skrive- og taledugleik i moderne standardarabisk • ha lesedugleik i klassisk arabisk • ha god kompetanse i moderne arabisk grammatikk • bli kjende med eit breitt utval av skjønnlitteraturtekstar og fagprosa • ha grunnleggjande dugleik i lesing og forståing av arabisk pressespråk, til dømes i nettaviser • ha grunnleggjande dugleik i bruk av nokre arabiske ordbøker • kunna bruka sine kunnskapar om språket på ein kritisk og sjølvstendig måte • nytta sin kombinasjon av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning eller yrkesplanar <p>Arabisk er eit tidkrevjande språk å læra i høve til nære europeiske språk, ikkje minst grunna skriftssystemet. Det er derfor viktig å ha eit realistisk bilete av oppnåeleg språknivå.</p>
Opptakskrav	Generell studiekompetanse eller realkompetanse
Tilrådde forkunnskapar	For å kunna gjennomføra eit studium i arabisk må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk. Det er ikkje naudsynt med forkunnskapar i arabisk, men det er ein føremon om studentar har kjennskap til den arabiske verda og/eller språkvitskap.
Innføringsemne	<p>Bachelorprogrammet i arabisk inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet) og er sett saman av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum • Akademisk skriving ARA100* • Tekst og kultur eller Språk og kommunikasjon <p><i>*ARA100 erstatter Akademisk skriving.</i></p> <p>Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd. Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 30 studiepoeng innføringsemne.</p>
Obligatoriske emne/spesialisering	<p>Bachelorprogrammet i arabisk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalda inntil 30 studiepoeng med innføringsemne og 90 studiepoeng med spesialisering i arabisk. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p><i>Studiet startar med dei tre innføringsemna ARA100, EXPHIL og EXFAC00SK i det første semesteret. (Legg merke til at for bachelorprogrammet i arabisk vil ARA100, Innføringskurs i arabisk språk og kultur, erstatta EXFAC00AS, Akademisk skriving, som innføringsemne). Avlagd eksamen i ARA100 er obligatorisk for vidare studium i arabisk. Alternativt må ein kunne dokumentera</i></p>

	<p><i>tilsvarande kunnskaper i arabisk.</i></p> <p>Emna <i>ARA111, ARA112, ARA113, ARA115, ARA211</i> og <i>ARA252</i> inngår i spesialiseringa. <i>ARA252</i> møter kravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng, jamfør Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultet. <i>ARA252 Arabisk språk og samfunn</i> kan likevel skiftast ut, etter søknad, med <i>ARA254</i>. For fleire detaljar, sjå emneplanen for <i>ARA252</i>. For å oppnå spesialisering i arabisk på bachelornivå, kan førehandsgodkjente heiltidsstudium i utlandet koma i staden for obligatoriske spesialiseringsemne i arabisk. Slik utveksling vil normalt ikkje bli godkjent på 200-nivå.</p>
Tilrådde valemne	<p>Bachelorprogrammet i arabisk har 60 frie studiepoeng. Studenten kan velja emne innanfor skulefag, språkfag, historie- og kulturfag, estetiske fag eller andre fag som er relevante for studenten si vidare utdanning eller yrkesplanar. <i>Ein tilrår studenten å ta emne innan midtaustenkunnskap, lingvistikk eller delstudium i eit arabisktalande land som frie studiepoeng.</i></p>
Rekkjefølgje for emne i studiet	<p><i>Anbefalt rekkjefølgje for emne i studiet:</i></p> <p>1. semester (H): Førstesemesterstudiet ex.phil., ex.fac. og <i>ARA100</i> (30 sp)</p> <p>2. semester (V): <i>ARA111 Grunnkurs i moderne standardarabisk I</i> (15 sp) <i>Frie studiepoeng (HIM101 er anbefalt)</i></p> <p>3. semester (H): <i>ARA112 Grunnkurs i moderne standardarabisk II</i> (15 sp) <i>Frie studiepoeng (HIM103 er anbefalt) eller ARA115</i></p> <p>4. semester (V): <i>ARA113 Grunnkurs i moderne standardarabisk III</i> (15 sp) <i>Frie studiepoeng (15 sp)</i></p> <p>5. semester (H): <i>ARA115 Innføring i arabisk språkvitskap og dialektologi</i> (15 sp) <i>ARA211 Tekststudier i moderne standardarabisk</i> (15 sp) <i>Eller delstudium i utland (30 sp)</i></p> <p>6. semester (V): <i>ARA252 Arabisk språk og samfunn</i> (15 sp) <i>Frie studiepoeng (15 sp)</i></p>
Krav til progresjon i studiet	<p>For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.</p>
Delstudium i utlandet	<p>Du kan ta delar av bachelorutdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Emna må godkjennast på førehand av UiB. I bachelorprogram i arabisk er det tilrådd at studentar tek delstudium i eit arabisktalande land i <i>fjerde semester</i> som kan godkjennast som frie studiepoeng.</p>

Undervisningsmetodar	<p>Emna inneheld normalt ulike komponentar med felles førelesingar og/eller seminar og undervisning i grupper. Desse omfattar opplæring i arabisk grammatikk, tekstgjennomgang av pensum bygd på klassiske og moderne arabiske tekstar, samt omsetjingsøvingar frå norsk eller engelsk til arabisk. På 100-nivået blir ulike munnlege øvingar gitt, inkludert høgtlesing, svar på spørsmål og enkel samtale i gitte tema.</p> <p>Fagmiljøet tek aktivt del i internasjonaliseringsprosessen på universitetet, og mesteparten av undervisninga i eit gitt emne kan vera på engelsk. Det kan skje om utvekslingsstudentar eller andre utanlandske studentar er med i undervisninga. Skriftlege øvingar, andre oppgåver og eksamen (der ikkje arabisk skal brukast) skal alltid skrivast på anten norsk eller engelsk.</p>
Vurderingsformer	Gjennom programmet blir studentane prøvde på ulike måtar, til dømes ved skoleeksamen, munnleg eksamen og rettleidd oppgåve. Sjå emneplanen for det einstilte emnet.
Karakterskala	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd <p>Sjå emneplanen for det einstilte emnet.</p>
Kompetanse for vidare studium	Bachelorprogrammet i arabisk kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i arabisk.
Yrkesveggar	<p>På grunn av den viktige rolla som arabisk spelar på det politiske og økonomiske området i dag, kan det vera interessant å kombinera dette språkfaget med fag som i seg sjølv opnar for ulike yrke. Arabisk kan med fordel kombinerast med til dømes handelsfag og marknadsføring, informasjonsvitskap, samanliknande politikk, offentleg administrasjon, jus, utviklingsstudium, mediefag eller journalistikk. Arabisk blir ofte kombinert med fag som historie, religionsvitskap, filosofi, midtaustenkunnskap, sosialantropologi, kunsthistorie, lingvistikk og andre språk. Språket er særskilt relevant for norskopplæring for framandspråklege, omsetjing og tolking, integreringsarbeid, helsesektoren, grunnskolelærarar i arabisk som valfag, utanrikstenesta og politiet med meir.</p>
Evaluering	Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Oppstart	Haust
Undervisningsstad	Bergen
Programansvarleg	Institutt for framandspråk
Administrativ ansvarleg	<p>Studierettleiar ved Institutt for framandspråk.</p> <p>E-post: studierettleiar@if.uib.no</p>

Emneomtalar:

Emnekode	ARA100
Emnenamn	<i>Innføringskurs i arabisk språk og kultur</i>
Name of the course unit	<i>Introduction to Arabic language and culture</i>
Studiepoeng	<i>10</i>
Undervisningssemester	<i>Haut</i>
Undervisningsspråk	<i>Norsk eller engelsk</i>
Studienivå	<i>Bachelor</i>
Fagleg overlapp	<i>Delvis overlapp med ARA101</i>
Krav til studierett	<i>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.</i>
Mål og innhald	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Dette er eit tilbod til studentar som treng grunnopplæring i moderne standardarabisk. Studentane skal læra arabisk alfabet, uttale, oppnå ein viss lese- og skrivedugleik.</i> - <i>Studentane får en introduksjon i enkelte tema i moderne arabisk grammatikk.</i> - <i>I tillegg skal studentane skaffa seg oversyn over kultur og samfunn i den arabiske verda (geografi, historie, religion, etc.).</i> <p><i>Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk. Studentar med programfag i arabisk frå vidaregåande skule, eller tilsvarande, kan søke om fritak frå emnet.</i></p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p><i>Etter fullført emne blir det venta at studentane skal kunne:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>arabisk alfabet, uttale og ein viss lese- og skrivedugleik</i> - <i>gjere greie for enkelte tema i moderne arabisk grammatikk</i> - <i>ha eit oversyn over kultur og samfunn i den arabiske verda.</i>
Tilrådde forkunnskapar	<i>For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk. Det blir tilrådd at studentar som ønskjer ARA100 som del av bachelorgraden sin, særleg dei som har lita røynsle med framandspråk, tek ex.fac.-varianten Språk og kommunikasjon.</i>
Krav til forkunnskapar	<i>Ingen</i>
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p><i>ARA100 omfattar minst 4 kontakttimar i veka i 14 veker med aktiv undervisning. Til saman vil talet på kontakttimar bli om lag 56.</i></p> <p><i>Emnet tel to komponentar:</i> <i>Komponent 1, omlag 3 timar i veka, inneheld førelesingar i arabisk alfabet, uttale og grammatikk kombinerte med</i></p>

	<i>øvingar, omsetjing, samtaler og liknande. Komponent 2, om lag 1 time i veka, inneheld førelesingar i kultur og samfunn.</i>
Obligatoriske arbeidskrav	<i>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 21 av 28 førelesingar/øvingar for å få vurdering i emnet.</i>
Vurderingsformer	<i>Vurderingsforma er éin skriftleg eksamen på to timar. Eksamenen er sett saman av dei to komponentane arabisk språk, og kultur og samfunn. Oppgåver knytt til komponent 1 tel 75 % og oppgåver knytt til komponent 2 tel 25 %. Eksamenen vil innehalde både teoretiske og praktiske oppgåver.</i>
Karakterskala	<i>Bestått/ikkje bestått.</i>
Læremiddelomtale	<i>Lærebøker og kompendium tilpassa kursopplegget.</i>
Undervisningsstad	<i>Bergen</i>
Emneevaluering	<i>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.</i>
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA111
Emnenamn	<i>Grunnkurs i moderne standardarabisk I</i>
Name of the course unit	<i>Basic course in Modern Standard Arabic I</i>
Studiepoeng	<i>15</i>
Undervisningssemester	<i>Vår</i>
Undervisningsspråk	<i>Norsk eller engelsk</i>
Studienivå	<i>Bachelor</i>
Fagleg overlapp	<i>Delvis overlapp med ARA101</i>
Krav til studierett	<i>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.</i>
Mål og innhald	<ul style="list-style-type: none"> - Dette er eit tilbod til studentar som skal halde fram i grunnopplæringa i moderne standardarabisk. Emnet byggjer på ARA100. Studentane skal vidareutvikle uttale og lese- og skrivedugleik. - Studentane skal lære grunntrekka i moderne arabisk grammatikk. <p><i>Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk.</i></p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<i>Etter fullført emne blir det venta at studentane skal:</i> <ul style="list-style-type: none"> - vere vidarekomne når det gjeld uttale og lese- og skrivedugleik. - kunne grunntrekka i moderne arabisk grammatikk.
Tilrådde forkunnskapar	<i>For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk. Det blir tilrådd at studentar som ønskjer ARA111 som del av bachelorgraden sin, særleg dei som har lita røynsle</i>

	<i>med framandspråk, tek ex.fac.-varianten Språk og kommunikasjon.</i>
Krav til forkunnskapar	<i>Ein må ha bestått ARA100 eller tilsvarende for å kunne ta eksamen i ARA111.</i>
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p><i>ARA111 omfattar minst 6 kontakttimar i veka i 14 veker med aktiv undervisning. Til saman vil talet på kontakttimar bli om lag 84.</i></p> <p><i>Emnet tel tre komponentar:</i> <i>Komponent 1, omlag 2 timar i veka, inneheld førelesingar i arabisk grammatikk.</i> <i>Komponent 2, om lag 2 timar i veka, inneheld øvingar i grammatikk.</i> <i>Komponent 3, om lag 2 timar i veka, inneheld munnlege og skriftlege øvingar.</i></p>
Obligatoriske arbeidskrav	<i>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 32 av 42 førelesingar/øvingar for å få vurdering i emnet.</i>
Vurderingsformer	<i>Vurderingsforma er éin skriftleg eksamen på 3 timar.</i>
Karakterskala	<i>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</i>
Læremiddelomtale	<i>Lærebøker og kompendium tilpassa kursopplegget.</i>
Undervisningsstad	<i>Bergen</i>
Emneevaluering	<i>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringsystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.</i>
Kontaktinformasjon	<i>studierettleiar@if.uib.no</i>

Emnekode	ARA112
Emnenamn	<i>Grunnkurs i moderne standardarabisk II</i>
Name of the course unit	<i>Basic course in Modern Standard Arabic II</i>
Studiepoeng	<i>15</i>
Undervisningssemester	<i>Haut</i>
Undervisningsspråk	<i>Norsk eller engelsk</i>
Studienivå	<i>Bachelor</i>
Fagleg overlapp	<i>Delvis overlapp med ARA101 og ARA103.</i>
Krav til studierett	<i>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.</i>
Mål og innhald	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Dette er eit tilbod til studentar som skal halde fram i grunnopplæringa i moderne standardarabisk. Emnet byggjer på ARA111. Studentane skal vidareutvikle uttale, lytte-, lese- og skrive-dugleik.</i> - <i>Studentane skal fortsette å tileigne seg grunntrekka i moderne arabisk grammatikk.</i> <p><i>Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk.</i></p>
Læringsutbyte/resultat	<i>Etter fullført emne blir det venta at studentane skal:</i>

<ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>- vere vidarekomne når det gjeld uttale og lese- og skrive-dugleik.</p> <p>- kunne grunntrekka i moderne arabisk grammatikk.</p>
Tilrådde forkunnskapar	<i>For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lese-kunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.</i>
Krav til forkunnskapar	<i>Ein må ha bestått ARA111 for å kunne byrje på ARA112.</i>
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p><i>ARA112 omfattar minst 6 kontakttimar i veka i 14 veker med aktiv undervisning. Til saman vil talet på kontakttimar bli om lag 84.</i></p> <p><i>Emnet tel tre komponentar:</i> <i>Komponent 1, omlag 2 timar i veka, inneheld førelesingar i arabisk grammatikk.</i> <i>Komponent 2, om lag 2 timar i veka, inneheld øvingar i grammatikk.</i> <i>Komponent 3, om lag 2 timar i veka, inneheld munnlege og skriftlege øvingar.</i></p>
Obligatoriske arbeidskrav	<i>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 32 av 42 førelesingar/øvingar for å få vurdering i emnet.</i>
Vurderingsformer	<i>Vurderingsforma er éin skriftleg eksamen på 3 timar.</i>
Karakterskala	<i>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</i>
Læremiddelomtale	<i>Lærebøker og kompendium tilpassa kursopplegget.</i>
Undervisningsstad	<i>Bergen</i>
Emneevaluering	<i>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.</i>
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA113
Emnenamn	<i>Grunnkurs i moderne standardarabisk III</i>
Name of the course unit	<i>Basic course in Modern Standard Arabic III</i>
Studiepoeng	<i>15</i>
Undervisningssemester	<i>Vår</i>
Undervisningsspråk	<i>Norsk eller engelsk</i>
Studienivå	<i>Bachelor</i>
Fagleg overlapp	<i>Delvis overlapp med ARA103 (75%)</i>
Krav til studierett	<i>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.</i>
Mål og innhald	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Dette er eit tilbod til studentar som skal halde fram i grunnopplæringa i moderne standardarabisk. Emnet byggjer på ARA112. Studentane skal styrke lytte-, lese- og skrive-dugleik.</i> - <i>Studentane skal tileigne seg eit solid grunnlag i moderne arabisk grammatikk, og skaffe seg basiskunnskapar i munnleg MSA.</i> <p><i>Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i</i></p>

	<i>arabisk.</i>
Læringsutbytte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<i>Etter fullført emne blir det venta at studentane skal:</i> <ul style="list-style-type: none"> - ha opparbeidd tilstrekkelege ferdigheiter til å kunne jobbe sjølvstendig med enkle arabiske tekstar samt anvende ordbøker og andre oppslagsverk. - ha eit solid grunnlag i moderne arabisk grammatikk - ha basiskunnskap i munnleg MSA
Tilrådde forkunnskapar	<i>For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.</i>
Krav til forkunnskapar	<i>Ein må ha bestått ARA112 for å kunne byrje på ARA113.</i>
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<i>ARA113 omfattar minst 6 kontaktimar i veka i 14 veker med aktiv undervisning. Til saman vil talet på kontaktimar bli om lag 84.</i> <p><i>Emnet tel tre komponentar:</i></p> <p><i>Komponent 1, omlag 2 timar i veka, inneheld førelesingar i arabisk grammatikk.</i></p> <p><i>Komponent 2, om lag 2 timar i veka, inneheld øvingar i grammatikk.</i></p> <p><i>Komponent 3, om lag 2 timar i veka, inneheld munnlege og skriftlege øvingar.</i></p>
Obligatoriske arbeidskrav	<i>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 32 av 42 førelesingar/øvingar for å få vurdering i emnet.</i>
Vurderingsformer	<i>Vurderingsforma er ein skriftleg eksamen på to timar og ein 30 minutt munnleg eksamen. Kvar av eksamenane tel 50 %.</i>
Karakterskala	<i>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</i>
Læremiddelomtale	<i>Lærebøker og kompendium tilpassa kursopplegget.</i>
Undervisningsstad	<i>Bergen</i>
Emneevaluering	<i>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.</i>
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA115
Emnenamn	<i>Innføring i arabisk språkvitskap og dialektologi</i>
Name of the course unit	<i>Introduction to Arabic Linguistics and Dialectology</i>
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	<i>Haust</i>
Undervisningsspråk	<i>Norsk eller engelsk</i>
Studienivå	<i>Bachelor</i>
Fagleg overlapp	<i>Delvis overlapp med ARA105 (75%)</i>
Krav til studierett	<i>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.</i>
Mål og innhald	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Emnet introduserer studentane for problemstillingar og metodar i arabisk språkvitskap.</i> - <i>Studentane skal skaffe seg eit solid grunnlag i ein arabisk dialekt (til dømes dialekt i Kairo eller Bagdad).</i> <p><i>Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk.</i></p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p><i>Etter fullført emne blir det venta at studentane</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>skal ha opparbeidd tilstrekkelege ferdigheiter til å kunne ta for seg problemstillingar og metodar i arabisk språkvitskap.</i> - <i>skal vere i stand til å føre ein enkel samtale på ein arabisk dialekt.</i>
Tilrådde forkunnskapar	<i>For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.</i>
Krav til forkunnskapar	<i>Ein må ha bestått ARA100 eller tilsvarande for å kunne byrje på ARA115.</i>
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p><i>ARA115 omfattar minst 6 kontakttimar i veka i 14 veker med aktiv undervisning. Til saman vil talet på kontakttimar bli om lag 84.</i></p> <p><i>Emnet tel to komponentar:</i> <i>Komponent 1, omlag 2 timar i veka, inneheld førelesingar i Arabisk språkvitskap og dialektologi.</i> <i>Komponent 2, om lag 4 timar i veka, inneheld ei innføring i ein arabisk dialekt (til dømes dialekten i Kairo eller Bagdad).</i></p>
Obligatoriske arbeidskrav	<i>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 32 av 42 førelesingar/øvingar for å få vurdering i emnet.</i>
Vurderingsformer	<i>Vurderingsforma består av to delar: ein munnleg eksamen på 30 minutt, og ein skriftleg heimeeksamen på om lag 1000 ord. Begge delar tel like mykje i fastsetjinga av karakteren. Innleveringsfrist på oppgåva vil vere innan siste undervisningsveke i semesteret.</i>
Karakterskala	<i>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der</i>

	<i>F er stryk.</i>
Læremiddelomtale	<i>Læremateriale tilpassa kursopplegget.</i>
Undervisningsstad	<i>Bergen</i>
Emneevaluering	<i>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.</i>
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA211
Emnenamn	<i>Tekststudiar i moderne standardarabisk</i>
Name of the course unit	<i>Studies in Modern Arabic Texts</i>
Studiepoeng	<i>15</i>
Undervisningssemester	<i>Haut</i>
Undervisningsspråk	<i>Norsk eller engelsk</i>
Studienivå	<i>Bachelor</i>
Fagleg overlapp	<i>ARA201</i>
Krav til studierett	<i>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.</i>
Mål og innhald	<i>Emnet har som mål at studentane skal fordjupe seg i tillærte kunnskapar frå 100-nivået i arabisk gjennom arbeid med og analyse av moderne arabiske tekstar i forskjellige sjangrar, til dømes moderne litteratur, medietekstar og bloggar. Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk.</i>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<i>Etter fullført emne blir det venta at studentane skal ha opparbeidd seg tilstrekkelege ferdigheiter til å sjølvstendig kunne lese og forstå ukjende tekstar i ulike sjangrar ved hjelp av oppslagsverk.</i>
Tilrådde forkunnskapar	<i>For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.</i>
Krav til forkunnskapar	<i>Ein må ha bestått ARA113 for å kunne byrje på ARA211.</i>
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<i>ARA211 omfattar minst 6 kontakttimar i veka i 14 veker med aktiv undervisning. Til saman vil talet på kontakttimar bli om lag 84.</i>
Obligatoriske arbeidskrav	<i>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 32 av 42 førelesingar/øvingar for å få vurdering i emnet.</i>
Vurderingsformer	<i>Vurderingsforma består av ein skriftleg eksamen på 4 timar.</i>
Karakterskala	<i>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</i>
Læremiddelomtale	<i>Læremateriale tilpassa kursopplegget.</i>
Undervisningsstad	<i>Bergen</i>
Emneevaluering	<i>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.</i>
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA252
Emnenamn	Arabisk språk og samfunn
Name of the course unit	Arabic Language and Society
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk eller engelsk
Studienivå	Bachelor
Fagleg overlapp	
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Målsetjinga er at studentane skal få ei vidareføring av spørsmål og metodar i språkvitskap som blei introduserte i emnet ARA115. Undervisninga førebur studentane på bacheloroppgåva. Bacheloroppgåva kan behandle spørsmål frå følgjande område: klassisk og moderne standardarabisk og dei noverande dialektane, diglossi, skilnader i skriftleg og tala standardarabisk, , språkpolitikk i arabisktalande land, tilpassinga av standardspråket til moderne behov og språksituasjonen generelt i Midtausten. Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne blir det venta at studentane skal ha opparbeidd seg tilstrekkelege ferdigheiter til å kunne jobbe sjølvstendig med spørsmål og tema som er behandla i emnet.
Tilrådde forkunnskapar	For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.
Krav til forkunnskapar	Ein må ha bestått ARA115 og ARA113 for å kunne byrje på ARA252.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	ARA252 omfattar 4 kontakttimar i veka i 7 veker med aktiv undervisning. Til saman vil talet på kontakttimar bli om lag 28. Dei siste sju vekene av semesteret blir vigde til ferdigskriving av oppgåva. Kvar student har rett på fire timar med rettleiing.
Obligatoriske arbeidskrav	Det blir kravd at studentane deltek på minimum 21 av 28 timar for å få vurdering i emnet. I tillegg er det obligatorisk å levera eit utkast av oppgåva til rettleiing og å møte til ei rettleiing i løpet av semesteret.
Vurderingsformer	Vurderinga er ei rettleidd oppgåve på om lag 4000 ord (ca. 15 sider). Oppgåver blir gitt av faglærer med tema frå eit av områda i emneomtalen. Dei obligatoriske arbeidskrava må vere greidde for at ein skal kunne levera den rettleidd oppgåva til vurdering i undervisningsfritt semester. I tillegg vil det vere ein munnleg eksamen. I fastsetjinga av karakteren vil den munnlege eksamenen justere den skriftlege oppgåva.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der

	F er stryk.
Læremiddelomtale	Læremateriale tilpassa kursopplegget.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

IF: B.A. ARABIC (10 STP innføring + 75 STP + 15 STP BA)

EMNE		1. term (10 STP)	2. term (15 STP)	3. term (15 STP)	4. term (30 STP)	5. term (15 STP)	6. term (15 STP)	STP
I.	Arabic I (ARA 100)	Intr. Course 4 t/uke: 3t Språk, 1t Kultur						10 STP
II.	Arabic II (ARA 111)		6t/uke 2 Grammar, 4 Exerc.					15 STP
III	Arabic III (ARA 112)			6 t/uke: 2 Gramm 4 Exer.				15 STP
IV	Arabic IV (ARA 113)				6 t/uke: 2t. Gramm. 4t. Exerc.			15 STP
V	ARA 115			6 t/uke: 2t. ar. ling., 4t. ar.dialect.		6 t/uke: 2t. ar. ling., 4t. ar.dialect.		15 STP
VI	ARA 211					6 t/: 2t. rel. 2t. med, 2t internett		15 STP
VII	ARA 252						BA-thesis	15 STP
	høst: 18 t; vår 24 t ()	Ex phil; språk og kommun. 20 STP	+ MØ 15 STP	+ MØ 15 STP		+ MØ 15 STP	+ MØ 15 STP	
	Teaching load: Arabic	4 h	6 v	6/6 h	6 v	6/6 h	6 v	
	Anbefalt:	We highly recommend the students to spend the 5 th term in an Arab country						30 STP